



Grunneigaren lovar å fjerna desse bilane

**Fylkesmann Lars Sponheim gjekk før jul ut med ei oppmoding til kommunane om å få fjerna bilvrak som står langs vegar og i naturen.**

**Men korleis er situasjonen her i Uskedalen med omsyn til vrak som har ein skjemmande plassering og skulle vore fjerna?**

uskedalen.no har vore på ei rask synfaring og konklusjonen er positiv. Vi observerte berre 2 vrak i naturen og har vore i kontakt med grunneigaren som lovar å fjerna dei.

Fylkesmannen minnar om at bilparken aukar og at det er viktig at returordningane fungerer- Uregistrerte bilar som vert ståande til sjenanse for omgjevnadane er eit aukande problem, påpeikar Sponheim og miljøvernssjefen hans, Terje Aasen.

Både avskilta bilar og bilvrak kan fjernast både med heimel både i vegtrafikklova og forureiningslova. Dei inneber risiko både for ulukker og helseskade på grunn av motorolje og kjemikalier i tillegg til at dei er skjemmande.

Sponheim og Aasen oppmodar om å nytta vegtrafikklova til å fjerna bilar utan lovlege kjennemerke. Når ein bil er avskilta kan den etter denne lova ikkje vera parkert meir enn 2 veker på offentleg eller privat veg. I tillegg kan også registrerte bilar som er attglyymt i lang tid fjernast.

Vrakpanten er no auka til 2000 kroner.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen